


JD 1978001

"SVEIO-ÅSEN

REGULERINGSFØRESEGNER



§ 1

Innanfor industriområdet kan arealet oppdelast etter behov for dei enkelte verksemdar, og etter grenser som i kvart enkelt tilfelle skal godkjennast av bygningsrådet. Parsellane skal ha mest muleg regelmessig form.

§ 2

Type verksemd, utforming og plassering skal i kvart enkelt tilfelle godkjennast av bygningsrådet, som kan fastsette at verksemdar som ein meiner vil føre med seg særlege ulemper, vert vist til bestemte deler av arealet eller til andre industristrøk. Der kor industristrøket støter til bustadområder, vert det ikkje tillete anlegg som ved lukt, røyk eller støy vil verke sjenerande for bustadstrøket.

§ 3

Bygningar skal oppførast av branntrygge materialer og ikkje overstige 2 etasjar.

§ 4

I industristrøk vert det ikkje tillete oppført bustadbygg. Bygningsrådet kan gjera unntak for vaktmeisterbustad o.l., dersom helserådet samtykkjer.

§ 5

Inngjerding av tomtene må omsøkjast til bygningsrådet, som skal godkjenna plasseringa, høgde, konstruksjon og farge.

§ 6

Kvar verksemd skal på eigen grunn ha minst 1 oppstillingsplass for bil pr. 100 kvm golvflate for industri og pr. 200kvm for låger.

PLAN OG TILBUDSUTVALGET
1022 Svein Eide

JD 1978001


FYLKESMANNEN I HORDALAND

POSTBOKS 106 - 5001 BERGEN

TELEFON 21 67 20 - TELEX 42 153

Vedlegg nr. 10

Sveio kommune
Formannskapet
5520 SVEIO



Går til Komm.ing. for oppfølging

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svarbrev):

Dato

3040/78.714.1. TJ/DH

20. desember 1978

SVEIO KOMMUNE. REGULERINGSPLAN FOR SVEIOÅSEN, SVEIO,
VIST PÅ KART I MÅLESTOKK 1:1000, DATERT 12.5. -78.

Dykkar brev av 1.11. -78.

I medhald av § 27 i bygningslova av 18. juni 1965 og etter fullmakt av 2. juli 1973 frå Miljøverndepartementet, stadfestar fylkesmannen vedtak i Sveio kommunestyre den 25.10.-78 om nemnde regulering. Hordaland vegkontor arbeider for tida med plan for gangveg langs riksvegen og inn mot Sveio Sentrum. Tilhøva kring avkjøyringa frå Riksveg mot sentrum er enno ikkje avklåra, og i samråd med kommunen har ein halde området kring avkjøyringa utanom stadfestinga. Det bør sendast inn eigen plan for dette området når vegstellet sine planar er klåre. Vidare stadfestar fylkesmannen kommunestyret sitt vedtak om føresegnar i tilknytning til reguleringsplanen, med nokre endringar gjort av fylkesmannen. Ein legg ved eit eksemplar av føresegnene slik dei skal lyda.

Saka har vore lagd fram for m.a. Fylkeslandbrukssjefen og Vegsjefen i Hordaland som har gjeve fråsegn, jfr. vedlagte kopiar. Fylkesmannen si stadfesting gjeld ikkje som løyve til utslepp etter § 6 i lov om vern mot vannforurensing av 26. juni 1970. Det er eit vilkår at utslepp frå området ikkje finn stad før slikt løyve ligg føre frå vassdragsmyndigheitene.


FYLKESMANNEN I HORDALAND
UTBYGGINGSAVDELINGA


Det stadfesta reguleringskartet fylgjer vedlagt med påteikning om stadfestinga, saman med nokre av dei innsendte saksdokumenta.

Om kunngjering av stadfesta plan viser ein til § 27 punkt 5 i bygningslova.

I kunngjeringa skal det gjerast merksam på at vedtaket om stadfesting kan påklagast til Miljøverndepartementet etter nærare reglar. Ein legg ved eit forslag til kunngjerings-
tekst.

Vedtaket om stadfesting er ikkje endeleg før klagefristen er gått ut eller eventuelle klager på stadfestinga er avgjort.


Lars Leiro


Vemund Ytre-Arne

Gjenpart: Miljøverndepartementet, Oslo - Dep., Oslo 1
Vegsjefen i Hordaland, C. Sundtsgt. 64, 5000 Bergen
Fylkeslandbrukssjefen i Hordaland, Rådstuplass 2/3,
5000 Bergen.